



O.K. Charter AS  
Vestbygdvegen 11  
5919 Frekhaug

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/830 - 19/2084

Saksbehandlar:  
Hanne Marie Evensen  
hanne.marie.evensen@meland.kommune.no

Dato:  
25.03.2019

## Godkjenning- GBNR 15/14 Løyve til etablering av veg - Hopland

**Administrativt vedtak. Saksnr: 72/2019**

**Tiltakshavar:** Nils Åge Skjelvik  
**Ansvarleg søkjar:** O.K. Charter AS  
**Søknadsype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3.

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak:

Ansvarleg søkjar har på vegne av tiltakshavar, Nils Åge Skjelvik, søkt om løyve i eitt trinn til opparbeiding av tilkomstveg til eksisterande fritidsbustad på gbnr. 15/14, samt parkeringsplass på gbnr. 15/14.

Omsøkt veg har ei lengd på om lag 30 meter på gbnr. 15/7 og om lag 40 meter på gbnr. 15/14. Den skal følgje grenselinja mellom gbnr. 15/7 og 15/11, og fram til, og inn, på gbnr. 15/14. Det er også søkt om ein parkeringsplass i enden av vegen.

Arealet på gbnr. 15/7 og 15/14, som er omfatta av søknaden, ligg i uregulert område, vist som landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) i kommuneplanen sin arealdel, med status som spreidd byggeområde, SB\_2. Innanfor området SB\_2 kan det byggjast fire bueingingar i planperioden, jf. tabell 7 i KPA si planføresegn § 3.2. Ettersom det omsøkte areal er satt av til LNF-formål, inneber dette at etablering av veg og parkeringsplass er i strid med gjeldande arealformål, og krev difor dispensasjon frå arealformålet LNF, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. § 11-6 andre ledd, jf. første ledd. I møte den 05.06.2018, sak 51/2018, gav utval for drift og utvikling dispensasjon frå LNF-formålet i KPA til etablering av tilkomstveg og parkeringsplass.

Saka vart komplet og klar for sakshandsaming 14.03.2019.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Vi visar til søknad med vedlegg, journalført motteke 15.01.2019.

## **VURDERING:**

### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3, og det er ikkje kome merknadar til tiltaket.

### Høyring:

Søknaden har vore på høyring hos Fylkesmannen i Vestland, Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen, det er ikkje kome merknadar frå høyringsinstansane.

### Lov- og plangrunnlag:

Anlegging av veg og parkeringsplass er «tiltak» etter pbl § 20-1 bokstav l) og er søknadspliktig med krav om ansvarleg føretak, jf. §§ 20-3, jf. 20-2. Tiltaket må ikkje vere i strid med blant anna gjeldande arealformål, jf. pbl § 1-6 første ledd.

Ettersom utval for drift og utvikling i møte den 05.06.2018, sak 51/2018, gav dispensasjon frå LNF-formålet til omsøkt tiltak, er etablering av veg og parkeringsplass ikkje i strid med arealformålet i kommuneplanen sin arealdel.

### Plassering:

Det følger av pbl § 29-4 første ledd at kommunen skal godkjenne eit byggverk si plassering. For varige konstruksjoner gjeld føresegna så langt den passar, jf. pbl § 30-4 første ledd.

I ovennevte dispensasjonssak, saksnr. 51/2018, stilte Utval for drift og utvikling som vilkår at:

- vegen skal plasserast så langt mot grensa mot gbnr. 15/11 som mogleg
- vegen ikkje skal varte breiare enn 4 meter samla, med vegskulder

Administrasjonen føreset at det to vilkåra blir oppfylt, og kan etter dette godkjenne omsøkt plassering av veg som vist i situasjonskart journalført motteke 15.01.2019.

### Stigningsforhold:

Ansvarleg søkjar har opplyst at tilkomstvegen har ein gjennomsnittleg stigningsprosent på 9,6 % på heile vegen som er om lag 75 m lang. Vidare er avstanden mellom P40 og P60 (brattast strekk) 20 m, her er høgdeskilnaden 225 cm når ein tek omsyn til oppbygginga av vegen. Dette gjev ein stigningsprosent på 11,25 % på dette strekket.

Kommunen vurderer at omsøkt veg stettar naudsynte krav til funksjon og utforming, jf. pbl § 30-4. Administrasjonen vurderer at det omsøkte tiltaket med dette stettar plan- og bygningslova sine krav til utforming, funksjon og utsjånad, jf. pbl §§ 29-1 og 29-2.

### Ansvarsrett:

Ansvarleg søkjar, O.K. Charter, har i søknad bekreftet at heile tiltaket vil bli belagt med ansvar, slik at alle krav etter plan- og bygningslova blir fylgt. Ansvarleg i byggesaker står inne for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl § 23-1. Ansvarleg søkjar har ansvar for at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf. pbl § 23-4 andre ledd.

## VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 bokstav l) løyve til etablering av veg og parkeringsplass som omsøkt på gbnr. 15/14. Grunngevinga går fram av saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Plassering og utføring av tiltaket skal vere som vist på situasjonskart journalført 15.01.2019.

Det vert stilt følgjande vilkår for løyvet:

- Veggen skal plasserast så langt mot grensa mot gbnr. 15/11 som mogleg.
- Veggen skal ikkje verte breiare enn 4 meter samla, med vegskulder.
- Stigningsforholdet på veggen skal ikkje overstige 12,5 % der det er brattast.

Dei opplysningane om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre nok anna går fram av vurderinga over eller gjennom tidlegare godkjenning».

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Vestland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3,28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Hanne Marie Evensen  
Juridisk rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

**Vedlegg:**  
Situasjonskart

**Kopi til:**  
Nils Åge Skjelvik

Hoplandsvegen 95 5918

FREKHAUG

**Mottakrar:**  
O.K. Charter AS

Vestbygdvegen 11 5919

Frekhaug